

Vedlegg til dispensasjonsøknad.

## **Gjeld søknad om rammeløyve – utskifting av vassleidning Lifjell-Manger**

### **Grunngjeving av søknad om dispensasjon.**

Ny leidning skal i hovudsak leggjast i eller tett ved (avstand omlag 4 m) eksisterende leidningsgrøft. I tillegg vil det verta lagt leidning i nytt borehol. Dette vil ha ein lengde på omlag 300 m.

Leidningstrasen som er innteikna viser hovudvassleidningen frå høgdebassenget og ut til kundane. Tiltaket er planlagt og godkjent gjennom Hovudplan for vassverket i Radøy kommune. Intensjonen med å fornya av anlegget er heving av tryggleiken og sikra god og trygg vassforsyning for framtida.

Når arbeidet er ferdig vil det ikkje vera andre synlege komponenter enn kummelokka. Dette på same vis som i dag.

Me kan difor ikkje sjå at planlagt tiltak på nokon måte vil føre til ulemper for almenta eller omkringliggjande naboar.

Då fornyinga av anlegget må tilpassast eksisterande anlegg som til dømes høgdebasseng og leidningar som allreie ligg der frå før finnes det ikkje alternative trasear eller løysingar.

På bakgrunn av ovanemde meiner me difor det ikkje er andre løysingar enn å gje dipensasjon.

Manger 22.09.2014

Einar Færø

Einingsleiar Drift.